

Styremøte Vikedal Bygdahus



Møtereferat

17.02.2025

Møtte: Ina Helmers, Asle Øverland, Erlend Nesheim, Nils Erik Eide

Møtte ikkje: Johannes Holten Leifsen, Tone Helen H. Halleraker, Håkon Bakkedal

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
77/24	Gjennomgang av handlingsplan for restansar/oppdatering	Status på pågåande arbeid frå styremedlemmene, me oppdaterer planen.	Styret
78/24	Vikedal FUS, spørsmål om leige av hall	Vikedal FUS barnehage har søkt om å få bruke idrettshallen på dagtid når den ikkje er i bruk av skulen eller andre. Styret vurderar det som positivt at barna i barnehagen får kjekk aktivitet i den flotte hallen vår, men på lik linje med alle andre som nyttar hallen så må dei betale for bruken. Styret tek kontakt og foreslår ein sponsoravtale med FUS konsernet som går på tre år i første omgang à 7.500 kr per år. Dei ordnar skilt sjølve.	Asle
79/24	Fasade idrettshall	Fargeval etter synfaring 13.02.25: fargekode 80719 . Styret var veldig nøgde med valet som også skal brukast på bygdahusdelen. Det kom også forslag til fargekode på lister rundt vindu på huset. Styret laga ein framdriftsplan for arbeidet fram til hallen er sprøytemalt. Denne går ut på leige av lift, leige av høgtrykkspylar, innkjøp av maling og vaskemiddel, organisering av vaskedugnad mm. Asle, Johannes og Asle leiar dette arbeidet på vegne av styret.	Asle Johannes Erlend
80/24	Driftsteam / arbeidsliste	Styret diskuterte vidare på ideen om å etablera eit driftsteam i staden for vaktmeister. Noverande vaktmeister ønskjer å gå av etter mange gode år. Ei liste over forslag til namn blei presentert. Styret ser for seg å ha ein som leiar dette driftsteamet, beståande av engasjerte pensjonistar i bygda. Styret tek ein ringerunde og avklarar med aktuelle personar på lista. Styret lagar ei liste over oppgåver og anna som bør gjerast framover.	Nils Erik Ina
81/24	Sponsorar hall	Gjennomgang av liste over noverande sponsorar. Styret tek kontakt og fornyar avtalane og sender faktura for 2023 og 24. I tillegg blei det diskutert potensielle nye sponsorar.	Asle Styret
82/24	Årsmøte 2024	Gjennomgang av årsmøtepapir og årsmelding. Fordeling av ansvar og førebuing av innkomne saker. Forslag til sak frå styret er å engasjere andelseigarane med å gi det enkelte lag ansvar for å gjennomføra dugnad framover. Årsmøtepapir blir sendt ut innan 27. februar.	Nils Erik

Sak	Agenda	Referat	Ansvar
83/24	Sommarfestivalen 2025	<p>Avklaringar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pallebandet blir bestilt - DeKinaputters, aftersea + pauseband - Barne/ungdomskonsert – søkje barne/ungd.konsert - Marknadsføring i form av teaser reels på FB sida. <p>Frå styret si side arbeider Ina og Nils Erik med Sommarfestivalen. Styret ønskjer å halda fram med konseptet som blei starta i fjor der båtforeininga har ansvar for dagtid og Vikedal Bygdahus og Idrettshall kvelden.</p> <p>Pubnemnda har fått beskjed og dei har respondert positivt.</p>	Ina/ Nils Erik
84/24	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> - Blomsterkassar foran idrettshall, arbeidslivs-fag 9. klasse? Styret er positive til dette. Ber om at dei også lagar to som kan brukast til å sperre vegen mellom hjørna på hallen og grasbanen. - Det vil bli eit møte med kommunen, VIL og VBH om vasking, kommunen kallar inn. - Utleige Rootsens <ul style="list-style-type: none"> o Gjerder, lagerleige for plassen utanfor. o Auke leiga – 28.000 kr (15.-21.juli = 7 dagar), noko som betyr 4.000 kr dagen. Prisauke til 6.000 kr dagen er rimeleg å gjera etter så mange år. - Leige generelt – prisar bør sjåast på igjen, det er kanskje på tide å «skru opp» prisane? - Reidar og Kari skal på ferie i mars. Ina er kontaktperson. - Bjørn Magne Hundseid vil leige kjøkkenet 7. juni 2025. 	Nils Erik Ina Styret Ina Asle

Neste møte blir årsmøtet 6. mars 2025 kl. 19.30.

21.02.25

Nils Erik Eide